

Dagry-posten

April 2019



STUDIEDAG

Onsdag 3.april er det studiedag og kurs for personalet, og barnehagen er då stengt.

Den siste studiedagen denne våren blir fred. 31.mai.

PÅSKE I BARNEHAGEN

Vi nærmer oss påske, og dei to vekene før palmesøndag vil vi bruke til påskeopplegget. Vi vil fokusere på innhald

og aktiviteter i samband med påskehøgtida. Målet er at barna skal bli kjent med kvifor vi feirer påske, og kultur og tradisjoner rundt høgtida. Vi skal vere med på barnehagegudsteneste med dei to eldste aldersgruppene i barnehagen, i Valderøy kyrkje tysd. 9.april, saman med dei andre barnehagane i kommunen.

Sjå ellers månadsplaner frå avdelingane om opplegg for påska.

PÅSKEFRUKOST

Foreldre og sysken er velkomne til påskefrukost i barnehagen

Fred. 12.april kl 8.00 – 9.30. Frokosten vert avslutta 9.30, så det er viktig å kome slik at ein er ferdig å ete til då.

OPPHALD I BARNEHAGEN PÅSKEVEKA

Det er påmelding til opphald i påskeveka, og påmeldingsskjema ligg ved. Opningstider dei 3 dagane er 8.00-16.00 på mand. og tysd., og 8.00-12.00 på onsdagen. Alle må levere inn skjemaet.

BARNEHAGE-OPPTAKET / BARNEGRUPPER

Hovudopptaket til neste barnehageår er no gjort, mange fekk ynskjet om plass innvilga, medan det dessverre vart ei ganske lang venteliste hos oss også i år.

Når vi flytter over 2-åringane til dei store avdelingane, så vil vi sørge for mest mulig trygghet for barna i overgangen. Det vert tilvenningstid med

faste vekentlege besøk på storeavdelingane etter påske, og det vil også fylgje med personale over på nye avdelingaer. Vi held på å jobbe med samansetning av gruppene no, det er mange ting som skal takast omsyn til, så det tek litt tid, men de får beskjed så snart dette er klart. Det blir besøksdag for dei nye barna i juni, og samme ettermiddag blir det eit informasjonsmøte for nye foreldre.

OPPSTART og PLANLEGGINGSDAGER haust 2019

Oppstart av nytt barnehageår er midten av august. Barnehageåret starter alltid med studiedager for personalet, der barnehageåret skal planleggast og organiserast, og i år vert desse dagane mand 12., tysd. 13. og onsd. 14. august. Så frå den 15. august starter vi å ta inn dei nye barna. Alle nye kan ikkje starte denne dagen, dei vert fordelt utover på ca 1 veke, noko vi avtaler med dykk på foreldremøtet i juni. Dei to siste studiedagane kjem då ikkje før til våren 2020.

SOMMAR-FERIE:

Vi vil gjerne så snart som råd få beskjed om når barna skal ta ut ferie i sommar. Det vert betalt for 11 månader i løpet av eit år, og den 12. månaden er ferie for barna. Det skal i hovudsak takast ut 4 veker ferie om sommaren, der minst 3 av vekene skal vere samanhengande. Den 4. veka kan ein søkje om å få ta på anna tidspunkt, men den må takast ut som ei heil samanhengande veke, og ein må søkje om det før den vert teken ut. Dei som skal slutte i barnehagen, må ha teke ut sin ferie innan 14. august, då barnehageåret deira er slutt.

Minner om at 4 veker ferie er minimum ferie, det er godt for barna å få meir ferie dersom det ligg til rette for det ☺

Innan 3. mai må vi ha beskjed frå alle, slik at vi kan begynne å setje opp personalet sine ferier utfrå dette. **Det heng lister i garderobene på kvar avdeling der de kan skrive dykk på.**


NY DATO FOR FORELDREMØTE er tysd. 7. mai kl 18.00

Vi får besøk av Hanne Helle frå Haram kommune, som skal ha ein times foredrag om kommunikasjon mellom voksne og barn.

GOD PÅSKE!!

Med venleg helsing Kari-Lise Nordstrand, styrar

Daggry barnehage



Adresse: Øvregjerdet 18
6050 VALDERØYA

Tlf hovudnr: 70182497

LERKA: 45973085

MÅLTROSTEN: 45973238

LINERLA: 45972646

SPURVEN: 45972670

E-post: post@daggrybarnehage.no

Heimeside: www.daggrybarnehage.no

Ein del av innhaldet er passordbeskytta. Alle foreldra har fått utdelt passord. Ta kontakt om du treng det på nytt.

Eigar: Sunnmøre Indremisjon

Styrar: Kari-Lise Ose Nordstrand

Pedagogiske leiarar

- Marte Tolo Skjong og May Britt Øverlid (Lerka 3-6 år)
- Oddhild Skjong, Barbro Bakken (Måltrosten 3-6 år)
 - Emma Nordstrand (Linerla 1-2 år)
- Siv Alnes Mulelid og Marit Ytterland (Spurven 1-2 år)

